

Så koseleg skuledag!!

26.04.2016



Dette var koseleg!

Elevane på Uskedalen skule opplever mykje kjekt. Sist fredag hadde 2.klasse ein skuledag som var så koseleg at den vil få ein stor plass i minneboka. Då gjekk turen til Myklebust der dei først besøkte sauebøndene Olav H. Bringedal og Ragnhild Tennebekk Bjørke, og deretter var dei hos naboen deira, Ann Kristin Olsen.





Kjempekoseleg skuledag på Myklebust.

Hos Olav og Ragnhild har det nett kome fleire hundre nydelege, små lam. Desse fekk dei ikkje berre sjå, men dei som ville, fekk både halda og kosa med dei flotte lamma. Det var sjølvsagt veldig stas! 17 av dei 18 elevane i klassen var på skulen denne dagen. Dette sette dei veldig pris på, og både elevane og lærarane vil takka Olav og Ragnhild for ei fantastisk kjekk oppleving.

Etter at dei hadde vore i sauefjøsset, gjekk turen vidare til naboen Ann Kristin Olsen. Der var det meir kos! Her var det grilling, og dessutan fekk dei kake. Dei vil også takka Ann Kristin for at ho toppa denne kjekke skuledagen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hilde Bringedal